

Høyringsinnspel frå FAU Ålvundeid barnehage – barnehage- og skulebruksplan 2021

1. Alternativ 1 - Byggje ny sentrumsbarnehage med plass til 120 born til erstatning for Holten barnehage og Tredal barnehage:
 - Ingen sterke synspunkt på dette.
2. Alternativ 2: Born ved Gjøra oppvekstsenter, avdeling barnehage, får barnehageplass ved Holssand barnehage:
 - Alle som har gitt innspel her seier nei til dette alternativet (resten har svara "veit ikkje"). Eitt argument er at det blir for lang veg til barnehagen.
3. Alternativ 3: Tredal skole og Tredal barnehage byggjast om til ny sentrumsbarnehage:
 - Eit fleirtal seier nei til dette alternativet. Eitt argument er at det blir for mange elevar på Sande, eit anna argument er at Tredal er veldig utsett for vind som hindrar borna i å leike ute.
4. Alternativ 4: Barnehagen ved Gjøra oppvekstsenter held fram som Gjøra barnehage, og småskuleelevane får SFO-tilbod i barnehagen:
 - Eit fleirtal seier ja til dette alternativet. Bygdene og ungane treng barnehagen i bygda si, og det lettar ettermiddagsstresset for foreldra å hente nærmare heimen – og elevane slepp å bruke fritida på køyring.
5. Alternativ 5: Vidareføring av Øksendal barnehage:
 - Her seier vi eit soleklart ja – barnehagen i Øksendal må vidareførast. Bygdene og ungane treng barnehagen i bygda si!
6. Alternativ 6: Kva skjer dersom barnehagestrukturen ikkje vert endra? "0-alternativet" Er 0-alternativet eit godt alternativ?
 - Dei få som meiner noko her, meiner at dette ikkje er eit godt alternativ ("vil truleg medføre ostephøvel-kutt over heile sektoren").
7. Alternativ 7: Kva skjer dersom skulestrukturen ikkje vert endra ("0-alternativet")? Er 0-alternativet eit godt alternativ?
 - Fleirtalet meiner at dette heller ikkje er eit godt alternativ for skulestrukturen ("vil truleg medføre ostephøvel-kutt over heile sektoren").
8. Alternativ 8: Avvikle Gjøra oppvekstsenter og Løykja skule og flytte elevane til Sande skule:
 - Her seier vi eit soleklart nei til nedlegging. Sande skule blir for stor og utrygg for mange, og det blir for lang skuleveg for dei på Gjøra.

9. Alternativ 9: Avvikle Gjøra oppvekstsenter og flytte elevane til Løykja skule:

- Eit fleirtal seier nei til dette alternativet, men eit argument for flytting til Løykja er at Løykja blir større og meir økonomisk, og skulevegen blir ikkje riktig så lang for dei på Gjøra samanlikna med eventuell flytting til Sande.

10. Alternativ 10: Sande skule blir skule for elevar frå Sande, Tredal og Øksendal skulekrets - Tredal skule vert lagt ned:

- Her er vi delt og "veit ikkje" – ingen sterke synspunkt. Men eitt innspel er at Sande skule kan bli for stor og utrygg/uoversiktleg for einskilde born.

11. Alternativ 11: Løykja skule vert skule for elevar frå Furu, Løykja og Gjøra skulekrets - skulen ved Gjøra oppvekstsenter vert lagt ned:

- Eit klart fleirtal seier nei til dette alternativet, men eit ja-argument vi har fått inn er at Løykja blir større og meir lønsam – og det vil lette trykket på Sande som allereie er veldig stor og utrygg for mange elevar.

12. Alternativ 12: Barnehage, SFO og småskuletrinn 1.-4. held fram på Gjøra. Mellomtrinn, 5.-7. vert flytta til Løykja. Felles rektor Gjøra/Løykja:

- Eit klart fleirtal for dette alternativet, men eit motargument er at det er like bra at alle elevane frå Gjøra får gå på same skule (søsken slepp f.eks. å gå på ulike skular), så kan ein heller ha Sfo-tilbod på Gjøra bhg.

13. Andre kommentarar:

- Foreslår å utvide ein av dei eksisterande barnehagane, eller bruke eit eksisterande bygg som Gamle Øra skule til ny bhg.

FAU – på vegne av foreldre til born i Ålvundeid barnehage

Sunnalsøra, 28.05.2021

Ingeborg Nes og Ingebjørn Røren